

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Region Vest  
Naustdalsvegen 1b  
6800 Førde

## Dammar Skålavatn, Luster kommune, Søknad om å senke Skålavatn under LRV

I samband med den planlagde nedtappinga av driftstunnelen frå Skålavatn til Skagen kraftstasjon i perioden 15. november – 17. desember 2021, ynskjer Hydro Energi Sogn å tappe Skålavatn 4 – 6 m under LRV i denne perioden.

Nedtappinga er planlagt for å kunne utbetra avvik frå revurdering av inntaksluker til Skagen kraftverk, som ligg dykka i Skålavatn. Lukeproppen nedstrøms lukene er i dag ikkje dimensjonert for poretrykk i ein situasjon der vassvegen vert tømd med stengde luker. Godkjent teknisk plan (NVE ref. 201906400-5) beskriv boring av totalt 52 hol gjennom betong og inn i fjell, rett nedstrøms lukeføringar, der det skal setjast bolt i 32 av dei og resterande er drenshol.


Samstundes som vassvegen er nedtappa vil Hydro Energi Sogn også nytte moglegheita til å utføre nødvendig vedlikehald samt gjennomføre og komplettere revurdering for vassvegen med ein fullstendig vasssideinspeksjon av alle komponentar.

LRV for Skålavatn er på kote 988, medan luketerskel er på 982. Då boring i betong og fjell vil medføre vibrasjonar i fjell/betong, så ynskjer Hydro Energi Sogn å tappe Skålavatn så langt ned som råd for å redusera risikoen for uynskte hendingar i samband med boring gjennom lukeproppen. Dersom Skålavatn kan tappast 4-6m under LRV, så betyr det eit nivå likt med luketerskelen og ingen påkjenning på lukene medan ein utfører boring i lukepropp og fjell.

Planteikningar frå bygginga av Fortun kraftverk kan tyda på at det ikkje vil vera mogeleg å senke Skålavatn lågare enn ca. 984 (såle inntakstunnel mot Skålavatn), men då ein ikkje har «som bygget» teikningar ynskjer Hydro Energi Sogn moglegheita til nedtapping ned mot luketerskelnivå.

Hydro Energi Sogn kan ikkje sjå at tappinga medfører nemneverdige konsekvensar for fisk i vatnet, då senkinga frå LRV og ned 4-6m under vil ta 4-5 dagar pga. restriksjonar i køyring under kote 990.

Med helsing  
for Hydro Energi AS

DocuSigned by:  
  
51B3C20C66C3403...  
Johnny Bruheim  
Vassdragsteknisk ansvarleg  
Hydro Energi AS  
M: + 47 917 82 684